

Evangelisten januar 1965



Velkommen på ny

Velkomen, vår Herlege Frelsar, til oss,
frå Himmelen stol.

Hav takk for di livsferd frå stall og til kross.
I den fann me skjol
for satan sitt svik og for lovi sin dom.
Det var til vår evige velferd Du kom.

Stig inn i kvar einaste heim i vårt land,
Du Hovding frå Gud.

Med gleda frå Himlen set hjarto i brann,
i slott og i bud.

Frå barnet i vogga, til fangen i krå,
Lat alle din frelsande kjærleik få sjå.

Ja, kom då — Guds einborne —, gjesta oss att.
Ta tak i vårt folk.

La renna ein soldag or syndmyrke natt,
— Ein nådeljos-bolk, —

der kjærleiken strålar frå krubba og kross,
so framtida blir til velsigning for oss.

JOHS. M. L. RYDLAND.